



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Osterøy kommune, gbnr. 54/25, Nedste-Mjelda. Dispensasjon frå plankrav, oppføring av bustadbrakker. Krav om omgjerung. Vi ber om uttale frå kommunen.

Statsforvaltaren i Vestland viser til vårt vedtak datert 03.10.2023, sak 2023/8732, der vi har stadfesta Osterøy kommune sitt vedtak datert 15.03.2023, sak 025/23. Sjå vedtak vedlagt. Denne saka er oversendt oss til klagehandsaming den 01.06.2023.

Den 06.10.2023 fekk vi tilsendt krav om omgjerung av saka frå klagar Trygve Tønnessen, sjå vedlagt. Vi har også snakka med Trygve Tønnessen på telefon. Det er i oversendinga hevda at kommunen har oversendt saka til handsaminga hjå Statsforvaltaren før saka var ferdig handsama i kommunen og at det er gjort sakshandsamingsfeil i kommunen. Det er i kravet og i telefonsamtale med Statsforvaltaren (sakshandsamar Ida Loftesnes Kvåle) vist til vedtak i Osterøy kommune, gjort i september, som klagar hevdar er ein del av denne saka, og som Osterøy kommune burde gjere Statsforvaltaren merksam på.

Statsforvaltaren har ikkje motteke vedtaket som klagar viser til, og ber Osterøy kommune oversende dette til oss for gjennomlesing. Vi ber også Osterøy kommune om å kort gi ein kommentar til dei påstandane som går fram av kravet om omgjerung. Vi ber om tilbakemelding så snart som mogeleg, og seinast innan 30.10.2023.

Statsforvaltaren vil, etter å ha fått tilbakemelding frå kommunen, gjere ei vurdering av om vårt vedtak datert 03.10.2023, skal gjerast om etter føresegna i forvaltningslova § 35.

Vi gjer merksam på at vår klagehandsaming er isolert til å gjelde vurderinga av om vilkåra for å gi mellombels dispensasjon, etter plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3, frå plankravet i gjeldande kommuneplan sin arealdel pkt. 2.1, for oppføring av 20 bustadbrakker på eigedommen gbnr. 54/25 er oppfylt.

For oss synest det som at det kan vere oppstått nokon misforståingar knytt til kva Statsforvaltaren har og skal handsame i denne saka.



Vi har lagt andre mottakarar av vedtaket på kopi i dette brevet, til orientering.

Med helsing

Ida Loftesnes Kvåle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Stadfesta - byggesak - Osterøy 54/25 - Nedste-Mjelda - oppføring av bustadbrakker
- 2 Omgjøringsbegjæring - Byggesak - Osterøy 54/25 - Nedste-Mjelda - oppføring av bustadbrakker
- 3 Omgjøringsbegjæring .pdf

Kopi til:

ARKOCONSULT AS
CMS KLUGE ADVOKATFIRMA AS AVD BERGEN
Trygve Tønnessen

Postboks 103
Postboks 394 Sentrum
Hausvegen 374

5291 VALESTRANDSFOSEN
5805 BERGEN
5286 HAUS